



Hordaland Fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 12/604-12  
Journalpostid: 14/6500

Saksh: Gunnhild Sandvin  
Telefon: 53 67 35 27

Arkivkode Dato:  
K1-, K2-K54 29.12.2014

## Høyring av Vesentlege vassforvaltnings spørsmål for Hordaland vassregion

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

### KST-082/14 Vedtak:

1. Eidfjord kommune ser behov for å starta arbeidet med vilkårsrevisjon og ser mange av dei konkrete tiltaka som riktig å følgja opp i dette arbeidet. Konkret vert det peikt på at kommunen ikkje er samd i tilrådinga om å redusera magasinreguleringa for Rembesdalsvatnet til 2m.
2. Reint vatn med god økologisk tilstand er viktig. Eidfjord kommune ser positivt på arbeidet med å sikra ein felles berekraftig bruk av vassressursane, og ynskjer å vera ein bidragsytar til å nå miljømåla i vassforskrifta.
3. Vassforvaltningsarbeidet er ressurskrevjande og bør speglast med høvelege statstilskot til implementering av vassdirektivet og gjennomføring av aktuelle tiltak i alle sektorar.
4. Det er uheldig at tiltaksplanen vert lagt fram utan kost-nytteberekningar. Eidfjord kommune kan ikkje ta stilling til dei einskilde tiltaka før kost-nytteberekningar ligg føre
5. Problemkartlegging og kost-nytteberekningar bør ha førsteprioritet som tiltak i planperioden 2016 - 2021

Med venleg helsing  
Eidfjord kommune

  
Gunnhild Sandvin  
møtesekretær

Kopi til arkiv og kopibok



Eidfjord kommune  
Simadalsvegen 1  
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121  
Bankgiro: 3450.19.60006  
Innbetaling skatt: 7855.05.12326

[www.eidfjord.kommune.no](http://www.eidfjord.kommune.no)

### Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Telefon: 53 67 35 00  
Telefaks: 53 67 35 75  
Epost: [postmottak@eidfjord.kommune.no](mailto:postmottak@eidfjord.kommune.no)



SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksh.
Eidfjord formannskap	24.11.2014	146/14	ELNGUN
Eidfjord kommunestyre	15.12.2014	082/14	ELNGUN

**Offentleg****Høring av Vesentlege vassforvaltningsspørsmål for Hordaland vassregion, tiltak****Dokument i saka:**

Nr	Dok.dato	Avs./Mot.	Tittel
2	I 25.06.2012	Hordaland Fylkeskommune	Høring av Vesentlege vassforvaltningsspørsmål for Hordaland vassregion
1	I 03.07.2012	Rådgiver for vannregionmyndigheten i vannregion Vest-Viken	Høring av dokumentet Vesentlige vannforvaltningsspørsmål for vannregion Vest-Viken
3	I 05.12.2012	LVK	LVK-nytt 33/12 - Høring om vesentlige vannforvaltningsspørsmål
4	I 22.02.2013	Hordaland fylkeskommune	Vassforskrifta - arbeidsoppgåver for kommunar og sektormyndigheiter i 2013
5	I 30.06.2014	Hordaland fylkeskommune	Høring av Regional plan for vassregion Hordaland 2016 - 2021
7	I 07.10.2014	Backer-Owe Torstein	2012001359. Mal til saksutredning og kortversjon av høringsdokumentene - vannregion Rogaland (journalføres i Odda, til info for øvrige mottakere).
6	I 07.10.2014	Tveit Anved Johan	LVK-nytt nr 30/14 Hvordan påvirker minstevannføring vertskommunenes inntekter?
8	I 17.10.2014	Paulsen Statkraft v/Kåre	Emailing: Presentasjon Sima og Bjøvo 2
11	I 09.11.2014	NVE/Miljødir.	Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022, utdrag



**Vedlagt:**

Dokument 2, 5, 6, 8, 10, 11

**Desse har uttalt seg i saka:**

Saka har vore informert og drøfta med Statkraft

**Særutskrift skal sendast til:**

Hordaland fylkeskommune

**Endeleg avgjerd i:**

Kommunestyret

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Eidfjord kommune har ikkje vesentlege merknader til Regional plan for vassregion Hordaland.

Eidfjord kommune ser behov for å starta arbeidet med vilkårsrevisjon og ser mange av dei konkrete tiltaka som riktig å følgja opp i dette arbeidet. Konkret vert det peikt på at kommunen ikkje er samd i tilråding om å redusera magasinregulering for Rembesdalsvatnet til 2m.

**24.11.2014 Eidfjord formannskap**

**Handsaming:**

Røysting:

Samrøystes tilrådd.

**FSK-146/14 Tilråding:**

Eidfjord kommune har ikkje vesentlege merknader til Regional plan for vassregion Hordaland.

Eidfjord kommune ser behov for å starta arbeidet med vilkårsrevisjon og ser mange av dei konkrete tiltaka som riktig å følgja opp i dette arbeidet. Konkret vert det peikt på at kommunen ikkje er samd i tilråding om å redusera magasinregulering for Rembesdalsvatnet til 2m.

**Saka gjeld:**

Vassregionmyndigheita for vassregion Hordaland legg no Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 med tiltaksprogram ut på høyring og offentleg ettersyn, etter vedtak i fylkeskommunane Hordaland, høyringsfristen er sett til 31.12.14. Endeleg forslag til plan blir utarbeidet av vassregionmyndigheita og fylkeskommunane i samarbeid med vassregionutvalet. Regional plan ligg på [www.vannportalen.no](http://www.vannportalen.no)

I 2007 vedtok Stortinget "Forskrift om rammer for vannforvaltningen" (*vannforskriften*), som implementerer EUs rammedirektiv for vatn i norsk rett. Formålet med vassforskrifta er å gi



Eidfjord kommune  
Simadalsvegen 1  
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121  
Bankgiro: 3450.19.60006  
Innbetaling skatt: 7855.05.12326

[www.eidfjord.kommune.no](http://www.eidfjord.kommune.no)

**Eidfjord - unik frå fjell til fjord**

Telefon: 53 67 35 00  
Telefaks: 53 67 35 75  
Epost: [postmottak@eidfjord.kommune.no](mailto:postmottak@eidfjord.kommune.no)

rammer for fastsetting av miljømål som skal sikra ein mest mogleg heilhetskopleg vern og berekraftig bruk av våre vassressursar. Føremålet med planen er reinare vatn og betre økologi i vassdrag, innsjøar, grunnvatn og kystvatn på tvers av kommune- og fylkesgrenser. Denne planen er den første av tre slike planar for vassregion Hordaland. Planvedtaka blir i 2015, 2021 og 2027 og arbeidet går fram til 2033. Den regionale planen fastset miljøkvalitetsnormer for elvar, innsjøar, grunnvatn og kystvatn. Miljømåla vert fastsett i samsvar med vassforskrifta §§ 4-6 og unntak vert fastsett i samsvar med §§ 8-11. Den regionale planen legg føringar for når miljømåla skal nås, henholdsvis innanfor planperioden 2016-2021 eller utsett til seinare planperiodar (2022-2027 eller 2028-2033).

Tiltaka skal vera operative innan tre år etter at tiltaksprogrammet er vedteke og det er dei ulike sektormyndigheitene som er ansvarlig for oppfølging av tiltaka.

Som grunnlag for tiltaksprogrammet er det utarbeida Lokal tiltaksanalyse. Når det gjelder sterkt modifiserte vassførekomststar (SMVF) er ikkje målet å oppnå god økologisk tilstand (GØT). Her veier samfunnsinteressene av inngrepet meir enn naturen. Men for fleire av de vassførekomstane som i dag er kandidat til å vera SMVF, vurderast å kunne få god tilstand med gitte oppnåelige tiltak. Miljømålet for de vassførekomstane dette ikkje er mogleg, blir da å oppnå eit godt økologisk potensiale (GØP). Dei vassførekomstane som gjeld Eidfjord vert teke inn under her:

#### Tiltakstabell for elver

Vannforekomst id-nr	Navn	Kommune	Risiko-vurdering	Påvirkning	Forslag Standard miljømål	Foreslåtte/planlagte/påbegynte tiltak	Myndighet
050-101-R	Erdalselva	Eidfjord	Risiko	Vannføringsregulering	GØT 2021	Utlegging av gytegrus/terskler	NVE
050-101-R	Erdalselva	Eidfjord	Risiko	Vannføringsregulering	GØT 2021	Økt minsteslipp av vann sommerstid	NVE
050-11-R	Isdølo	Eidfjord	Risiko	Uten minstevannsføring	GØP 2021		NVE
050-11-R	Isdølo	Eidfjord	Risiko	Drikkevann (reservetilførsel)	GØP 2021		Eidfjord kommune
050-19-R	Nordelvi	Eidfjord	Risiko	Uten minstevannsføring	GØP 2021	Problemkartlegging. Vurdere minstevannsføring	NVE
050-21-R	Rembesdalselvi	Eidfjord	Risiko	Flomverk og forbygninger	GØP 2021	Problemkartlegging	NVE
050-21-R	Rembesdalselvi	Eidfjord	Risiko	Uten minstevannsføring	GØP 2021	Problemkartlegging	NVE
050-23-R	Skredågilet	Eidfjord	Risiko	Uten minstevannsføring	GØP 2027	Problemkartlegging	NVE
050-23-R	Skredågilet	Eidfjord	Risiko	Redusert kantvegetasjon	GØP 2027	Gjenoppretting av kantvegetasjon	NVE
050-25-R	Åsåna	Eidfjord	Risiko	Uten minstevannsføring	GØP 2027	Problemkartlegging. Vurdere minstevannsføring	NVE
050-27-R	Oneåa	Eidfjord	Risiko	Uten minstevannsføring	GØP 2027	Problemkartlegging. Vurdere minstevannsføring	NVE
050-50-R	Kjeldo	Eidfjord	Risiko	Sur nedbør	GØT 2021		FM
050-55-R	Leiro sidebekker	Eidfjord	Risiko	Sur nedbør	GØT 2021		FM
050-57-R	Leiro oppstrøms	Eidfjord	Risiko	Sur nedbør	GØT 2021		FM



Eidfjord kommune  
Simadalsvegen 1  
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121  
Bankgiro: 3450.19.60006  
Innbetaling skatt: 7855.05.12326  
www.eidfjord.kommune.no

#### Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Telefon: 53 67 35 00  
Telefaks: 53 67 35 75  
Epost: [postmottak@eidfjord.kommune.no](mailto:postmottak@eidfjord.kommune.no)

050-63-R	Sysenvatnet Holsno midtre del	Eidfjord	Risiko		Sur nedbør	GØT 2021	FM
050-66-R	Holsno nedre del	Eidfjord	Risiko		Sur nedbør	GØT 2021	FM
050-69-R	Midnut-vatnet sidebekker	Eidfjord	Risiko		Sur nedbør	GØT 2021	FM
050-6-R	Simadalselva	Eidfjord	Risiko	Sand og grustak		GØT 2021	Problemkartlegging
050-6-R	Simadalselva	Eidfjord	Risiko	Uten minstevannsføring		GØT 2021	Stabil minstevannføring
050-6-R	Simadalselva	Eidfjord	Risiko	Uten minstevannsføring		GØT 2021	Etablere skjul - utsetting av stein
050-6-R	Simadalselva	Eidfjord	Risiko	Uten minstevannsføring		GØT 2021	Tilførsel av død ved
050-6-R	Simadalselva	Eidfjord	Risiko	Uten minstevannsføring		GØT 2021	Forbedring av gyteplasser
050-6-R	Simadalselva	Eidfjord	Risiko		Drikkevannsutta	GØT 2021	Eidfjord kommune
050-6-R	Simadalselva	Eidfjord	Risiko		Påvirket av rømt fisk	GØT 2021	Fiskeridirektoratet
050-6-R	Simadalselva	Eidfjord	Risiko		Påvirket av lakselus	GØT 2021	Mattilsynet
050-71-R	Midnutvatnet nedstrøms	Eidfjord	Risiko		Sur nedbør	GØT 2021	FM
050-72-R	Holsno bekkefelt	Eidfjord	Risiko		Sur nedbør	GØT 2021	FM
050-73-R	Finnsbergvatnet tilløp	Eidfjord	Risiko		Sur nedbør	GØT 2021	FM
050-74-R	Skytjedalselvi	Eidfjord	Risiko	Uten minstevannsføring		GØT 2021	Minstevannføring
050-77-R	Skytjefossen	Eidfjord	Risiko	Redusert gjennomstrømming		GØT 2021	Miljøtilsyn
050-78-R	Sima bekkefelt	Eidfjord	Risiko	Fremmede arter		GØT 2021	Soppphaugsbecken: Fjerning av bekkerøye
050-78-R	Sima bekkefelt	Eidfjord	Risiko	Fysiske inngrep		GØT 2021	Segelgjærdsbecken: Gjenoppretting av kantvegetasjonen
050-78-R	Sima bekkefelt	Eidfjord	Risiko	Fysiske inngrep		GØT 2021	Bekk A: Opprensning og utlegging av gytegrus
050-81-R	Bjoreio nedre del	Eidfjord	Risiko	Med minstevannføring		GØT 2027	Problemkartlegging
050-81-R	Bjoreio nedre del	Eidfjord	Risiko	Med minstevannføring		GØT 2027	Temperaturstyring, flere magasiner
050-81-R	Bjoreio nedre del	Eidfjord	Risiko	Med minstevannføring		GØT 2027	Dempet effektkjøring
050-81-R	Bjoreio nedre del	Eidfjord	Risiko	Med minstevannføring		GØT 2027	Stabil minstevannføring
050-81-R	Bjoreio nedre del	Eidfjord	Risiko		Kraftverksdam	GØT 2027	Miljødir.
050-81-R	Bjoreio nedre del	Eidfjord	Risiko		Vannuttak til vannkraftverk	GØT 2027	Miljødir.
050-81-R	Bjoreio nedre del	Eidfjord	Risiko		Sur nedbør	GØT 2027	FM
050-81-R	Bjoreio nedre del	Eidfjord	Risiko		Påvirket av rømt fisk	GØT 2027	Firskeridir.



Eidfjord kommune  
Simadalsvegen 1  
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121  
Bankgiro: 3450.19.60006  
Innbetaling skatt: 7855.05.12326  
[www.eidfjord.kommune.no](http://www.eidfjord.kommune.no)

#### Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Telefon: 53 67 35 00  
Telefaks: 53 67 35 75  
Epost: [postmottak@eidfjord.kommune.no](mailto:postmottak@eidfjord.kommune.no)

050-81-R	Bjoreio nedre del	Eidfjord	Risiko	Påvirket av lakselus	GØT 2027	Mattilsynet
050-94-R	Kjeldo bekkefelt	Eidfjord	Risiko	Sur nedbør	GØT 2021	FM
050-95-R	Eio	Eidfjord	Risiko	Overføring fra vannforekomst	GØT 2021	Problemkartlegging
050-95-R	Eio	Eidfjord	Risiko	Påvirket av rømt fisk	GØT 2021	Firskeridir.
050-95-R	Eio	Eidfjord	Risiko	Påvirket av lakselus	GØT 2021	Mattilsynet

**Tabell 17. Vannforekomst id-nr**

Navn	Kommune	Risiko	Påvirkning	Forslag Standard miljømål	Foreslåtte/planlagte/påbegynte tiltak	Myndighet
050-16871-L	Demmevatnet nedre	Eidfjord	Risiko	Overføringer av vann	GØP 2021	Problemkartlegging. NVE
050-1905-L	Eidfjordvatnet	Eidfjord	Risiko	Påvirket av rømt fisk	GØT 2021	Fiskeridirektoratet
050-1905-L	Eidfjordvatnet	Eidfjord	Risiko	Påvirket av lakselus	GØT 2021	Mattilsynet
050-1905-L	Eidfjordvatnet	Eidfjord	Risiko	Separate avløp	GØT 2021	1) MT88. Tilsyn og kontroll med små avløpsanlegg. 2) Problemkartlegging. NVE
050-1906-L	Isdalsvatnet	Eidfjord	Risiko	Landbruk - beite og eng	GØT 2021	Problemkartlegging. Eidfjord kommune
050-1906-L	Isdalsvatnet	Eidfjord	Risiko	Redusert tilstrømning	GØT 2021	Problemkartlegging. Revisjon. NVE
050-1907-L	Sysenvatnet	Eidfjord	Risiko	Vannføringsregulering	GØP 2021	NVE
050-1907-L	Sysenvatnet	Eidfjord	Risiko	Drikkevannsutta	GØP 2021	NVE
050-1907-L	Sysenvatnet	Eidfjord	Risiko	Sur nedbør	GØP 2021	FM
050-1914-L	Rembesdalsvatnet	Eidfjord	Risiko	Vannføringsregulering	GØP 2021	Magasinrestriksjoner. NVE
050-1915-L	Holmavatn	Eidfjord	Risiko	Overføringer av vann	GØT 2021	Problemkartlegging. NVE

### Sentrale plantema:

- Den regionale planen set miljømål for 1803 vassforekomstar i vassdrag, innsjø, kyst og grunnvatn.
- Tiltaksprogrammet har 912 tiltak for å førebygge eller forbetre tilstanden der det er naudsynt.
- For vassområdet er det industri, vasskraftanlegg og fiskeoppdrett som er dei vesentlege påverkingsskjeldene.

I samsvar med regional planstrategi for 2010 – 2014 og vassforskrifta er det utarbeidd høyringsforslag til Regional plan for vassregion Hordaland. Planarbeidet har vore leia av Vassregionutvalet, ei samansett styringsgruppe med fylkesvaraordførar som leiar. Alle kommunane i vassregionen og aktuelle statlege sektormyndte er med i Vassregionutvalet. For Eidfjord har ordførar vore medlem. Den regionale planen for vassregion Hordaland set miljømål for 1803 vassforekomstar i Hordaland. For område som alt har meget god eller god økologisk vidareførast dagens tilstand som mål for tilstand i 2021. Dette gjeld 709



Eidfjord kommune  
Simadalsvegen 1  
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121  
Bankgiro: 3450.19.60006  
Innbetaling skatt: 7855.05.12326  
www.eidfjord.kommune.no

### Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Telefon: 53 67 35 00  
Telefaks: 53 67 35 75  
Epost: [postmottak@eidfjord.kommune.no](mailto:postmottak@eidfjord.kommune.no)

vassførekomstar i Hordland. Alle dei 971 vassførekomstanene som er i risiko for å ikkje nå miljømål får i denne planen definert mål for miljøtilstanden.

Dei tre påverknadene som omfattar flest vassførekomstar i vassregionen er:

1. Sur nedbør
2. Hydromorfologiske endringar (i hovudsak vasskraft)
3. Forureining

Sur nedbør kan vi ikkje påverke i særleg grad med tiltak innanfor vassregionen. Tiltak i vassdrag med vasskraft og reduksjon av ulike typar forureining er viktig i tiltaksprogrammet. I tillegg er det ei hovudutfordring å ta vare på laks- og sjøaure og trua artar i vassregionen. Planen setter miljømål for elvar, bekkar, innsjøar, grunnvatn og kystvatn. Over halvparten av vassførekomstane i vassregionen hamnar i kategorien i risiko for å ikkje oppnå miljømåla i 2020 utan tiltak. For ferskvatn er hovudårsakene sur nedbør og kraftutbygging. For kystvatn er hovudårsakene forureining, miljøgifter og område med kosthaldsråd.

Fylkesutvalet ynskjer spesielt tilbakemelding på;

1. Er det tydeleg kva vassforvaltningsspørsmål, utfordringar og påverknader som er vesentlege i regionen?
2. Er det spørsmål, utfordringar eller forhold du saknar, eller som du meiner er feil skildra?
3. Har du data, kunnskap eller observasjonar som kan supplere og styrke kunnskapsgrunnlaget som er brukt i dokumentet?

#### *Viktig omgrep*

Persentiler er et uttrykk for tallverdier som relaterer seg til en varighetskurve/tidsserie og brukes her om den vannføring som blir overskredet i en bestemt del av tiden. Q-verdien angir denne tiden i %. Q95 betyr for eksempel at det i en gitt måleperiode har vært høyere vannføring enn Q95-verdien i 95 % av tiden det har vært målinger, mens det har vært lavere vannføringsverdier i 5 % av tiden. Persentilverdier kan tas fra varighetskurver for året eller for perioder av året. For eksempel betyr "Q95 sommer" at om sommeren er det på 95 % av dagene en høyere vannføring enn Q95 sommer. "Sommer" gjelder perioden 1. mai – 30. sept., mens vinter gjelder perioden 1. okt. – 30. april.

Q95 vert brukt for å vurdere krafttapet ved tiltak.

#### **Vilkårsrevisjon**

Under følger noko informasjon saksa frå NVE si heimeside;

*I de vassdrag der revisjon av vilkår er et aktuelt tiltak må vannregionutvalget for det aktuelle området, ev. andre som representerer allmenne interesser, fremme konkrete og begrunnede krav om revisjon direkte til NVE. NVE har ikke ressurser og i mange tilfeller ikke grunnlag nok til å kunne vurdere behovet for vilkårsrevisjon basert på anmodninger om dette i tiltaksplanene som følger vedtatte forvaltningsplaner.*

*Et krav vil være tilstrekkelig begrunnet med en enkel beskrivelse av hvilke skader og ulemper som må avbøtes, hva som er utilfredsstillende eller ikke fungerer og hvorfor, og hvilke type tiltak og endringer det eventuelt kan være behov for.*

*Arbeidet med revisjon av konsesjonsvilkår og arbeidet med vanndirektivet vil gjensidig påvirke hverandre. Etter at den regionale forvaltningsplanen er vedtatt i fylkestinget og fastsatt i regjeringen, vil den være retningsgivende, men ikke bindende for sektorenes videre*



Eidfjord kommune  
Simadalsvegen 1  
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121  
Bankgiro: 3450.19.60006  
Innbetaling skatt: 7855.05.12326  
[www.eidfjord.kommune.no](http://www.eidfjord.kommune.no)

#### **Eidfjord - unik frå fjell til fjord**

Telefon: 53 67 35 00  
Telefaks: 53 67 35 75  
Epost: [postmottak@eidfjord.kommune.no](mailto:postmottak@eidfjord.kommune.no)

*arbeid med å forvalte vannressursene. Pålegg om avbøtende tiltak må vedtas etter sektorlovene.*

Vilkårsrevisjonen for Eidfjordreguleringa kan krevjast av representant for ålmenta. Kommunen er ein slik representant.

### **Økonomiske konsekvensar:**

Statkraft har i dokument 8 ein presentasjon av krafttapet, og som følgje av dette økonomiske følgjer for kommunen. LVK har på generelt grunnlag som kommentar til Statkraft sin presentasjon vist til rapport 49/2013, Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022. I tillegg har LVK gitt ut ein artikkel i LVK-nytt 30/14. Samla synest dei økonomiske konsekvensane ikkje å vera så dramatiske som Statkraft framstiller dei, men dette er kompliserte reglar og mange føresetnader. Statkraft har lagt til grunn eit krafttap på 276 GWh/år, i rapporten Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022, er tilsvarende tal 50-75 GWh/år.

KS har i sitt framlegg til uttale peikt på følgjande punkt:

- *KS konstaterer at kommunesektoren har tatt et betydelig ansvar for gjennomføring av EUs vanddirektiv i Norge, som har som målsetting å sikre at alle vannforekomster har minst god økologisk og kjemisk tilstand innen 2021.*
- ☒ *KS ser med bekymring på det faktum at finansieringen av arbeidet med vannforvaltningsplaner så langt i høy grad har vært finansiert over kommunale budsjetter uten en tilsvarende økning i rammeoverføringer.*
- ☒ *KS er opptatt av at de helhetlige vannforvaltningsplanene viser en tydelig sammenheng mellom økologisk situasjon gjennom kartlegging og vurdering av risiko, samt at de endelige planene inneholder kostnadseffektive tiltak fra alle sektorer for å nå de fastsatte miljømålene innen 2021.*
- ☒ *KS mener at kunnskapsgrunnlaget for arbeidet med helhetlig vannforvaltning må forbedres gjennom at berørte departementer og sektormyndighetene tar et større økonomisk ansvar for å fremskaffe grunnlagsinformasjon om økologisk tilstand, bedrer informasjonsdeling fra sektormyndighetene og sikrer godt veiledningsmateriale for vurdering av aktuelle tiltak.*
- ☒ *KS mener at det å nå miljømålene som vannforskriften krever, vil kreve tiltaksgjennomføring i en størrelsesorden det ikke kan forventes at de ulike sektorene kan dekke på egen hånd, og vil be om at Regjeringen utreder og etablerer økonomiske ordninger for de ulike tiltakene.*
- ☒ *KS mener at det må utarbeides en nasjonal handlingsplan for gjennomføring av helhetlig vannforvaltning, der juridiske ansvarsforhold, framdriftsplaner, finansieringsløsninger og tiltaksgjennomføring for å nå miljømålene avklares.*

### **Juridiske konsekvensar:**

Tiltakstabellane viser ansvarleg myndigheit. Dette må ein vera merksam på i forhold til kostnad og ressursar det enkelte tiltak kan medføre.

### **Miljømessige konsekvensar:**

Vil kort gje kommentar til tiltakstabellane over, der det kan vera grunn til å gjera endringar. I hovudsak er det forslag til magasinrestriksjonar som med bakgrunn i episoden i sommar der Demmevatnet drenerte til Rembesdalsvatnet i løpet av 7-8 timar, som treng nærare kommentar. Denne situasjonen kunne vore dramatisk for Simadalen dersom Rembesdalsvatnet var fullt og ikkje hadde kapasitet til å ta imot vatnet frå Demmevatnet. I denne episoden drenerte det 1,6 mill.m<sup>3</sup> i løpet av 7-8 timar. Forslaget til magasinrestriksjonar følgjer av rapporten Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022,



Eidfjord kommune  
Simadalsvegen 1  
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121  
Bankgiro: 3450.19.60006  
Innbetaling skatt: 7855.05.12326  
[www.eidfjord.kommune.no](http://www.eidfjord.kommune.no)

### **Eidfjord - unik frå fjell til fjord**

Telefon: 53 67 35 00  
Telefaks: 53 67 35 75  
Epost: [postmottak@eidfjord.kommune.no](mailto:postmottak@eidfjord.kommune.no)



magasinrestriksjonar av omsyn til landskap og friluftsliv. Statkraft drøfter ei 2m reguleringshøgde for Rembesdalsvatnet og følgjer dette kan få for manøvreringa av magasinerna i Sy-Sima. I dag er reguleringshøgda 45m. Å leggja ei så streng restriksjon som 2m reguleringshøgde kan vera å utsetje Simadalen for øydeleggjande flaum. I tillegg vil ei så lita reguleringshøgde få følgjer for Sysenvatnet i forhold til at dette må ha magasinkapasitet for å halde att vatn for at Rembesdalsvatnet ikkje skal vera fullt. Vassforskrifta går primært på tilstanden i sjølve vassdraget og ikkje på landskap og friluftsliv som ikkje direkte gjeld miljøtilstanden i vassdraget. Rembesdalsvatnet har vore regulert sidan 1980 da kraftstasjonen i Simadalen var sett i drift.

**Personalmessige konsekvensar:**

Vanskeleg å vurdera på eit så tidleg stadia.

Aud Opheim Lygre  
rådmann

sakshandsamar



Eidfjord kommune  
Simadalsvegen 1  
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121  
Bankgiro: 3450.19.60006  
Innbetaling skatt: 7855.05.12326  
[www.eidfjord.kommune.no](http://www.eidfjord.kommune.no)

**Eidfjord - unik frå fjell til fjord**

Telefon: 53 67 35 00  
Telefaks: 53 67 35 75  
Epost: [postmottak@eidfjord.kommune.no](mailto:postmottak@eidfjord.kommune.no)